



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Ekstrautgåve for hytteeigarar

April 2007 Årg. 14



Rett frå dunken

Dei hjelper deg



Alle spørsmål om hytterena- sjon kan rettast til SIM sitt hovudkontor i

Svartasmoget, telefon 53 45 78 50. Der får du hjelp av kundehandsamarane Trine Tverborgvik (t.v.) og Sissel Lønning.

Kvar vert avfallet av?

Lurer du på kvar det vert av avfallet du leverer på miljøsentralen? Eller om det eigentleg er så nøye med sorteringa? SIM har laga ein brosjyre som i detalj informerer om kva som skjer med avfallet etter at du har levert det. Be om å få brosjyren neste gong du er på miljøsentralen.

Glas og hermetikk

Glas og hermetikkboksar kan du kasta i våre glasigloar, som er plassert på sentrale stader kringom i kommunane.



Sommaridyll. Men ikkje utan at renovasjonsordninga fungerer.

Foto: Magne Langdiker

Med ynskje om ein triveleg hyttesesong

Velkommen til ein ny hyttesesong i vakker sunnhordlandsnatur. For at opphaldet på hytta skal bli så triveleg som råd, er det ein del funksjonar som må fungera. Renovasjonsordninga, t.d. Også i år kan du stola på avfallsselskapet SIM. Vår jobb er å syta for at du blir kvitt avfallet ditt på ein miljømessig god måte. Har du forslag til korleis me kan gjera ein betre jobb, høyrer me gjerne frå deg.

Som hytteeigar er du velkommen til å bruka SIM sine miljøsentralar (gjenvinningsstasjonar). Dei har me seks av; ein i kvar av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes. På miljøsentralen kan du levera avfall til gjenvinning, og dermed er du med og tek vare på knappe energi- og naturressursar. Opningstider finn du på baksida av bladet. Meir om miljøsentralane på midtsidene.

Her finn du hyttekonteinarane:

OBS! Hyttetun kjem i tillegg.



Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Nordrevågen
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Birkelandskrysset
- Stolmen kyrkje
- Vik-krysset (nordsida)
- Blånesvegen v/busstogg
- Hestevik-Byssesund v/snuplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

Bømlo

- Langevåg Kåso
- Espevær
- Lykling
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/banken
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsaldalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- Bjødledalen v/busstogg
- Aga – kryss v/Rolfnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

Fitjar

- Dáfjorden – Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn
- Koløy
- Helland
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide

Kvinnherad

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Varaldsvåg v/kai
- Mauranger
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Fureberg tunnelen
- Løfallstrand ferjekai
- Rosendal v/bru
- Seimsfoss
- Uskedalen v/Børnes
- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Herøysund v/butikk

- Husnes v/Statoil
- Sunde ferjekai
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Ersland v/gamleskolen
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnæs ferjekai
- Toftevågen
- Eidsvik v/gamleskolen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy

Stord

- Studalen v/Drageset Spar
- Fjellgardane
- Vikanes
- Dáfjorden v/hyttfelt
- Meatjødno
- Føyno
- Huglo kai

Sveio


- Valevåg
- Tittelsnes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikksenter
- Sveio v/gravplass
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse
- Ekrene
- Ekrene v/busstopp riksveg

Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjerstvik v/kryss Godøysund
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai

Om renovasjons- og slamtømmegebyra

Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2007 (i kr, inkl. mva):



SIM har som målsetjing at alle hyttekondar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha like renovasjons- og slamtømmegebyr. Prisane ut frå SIM er då også like for alle kondar (brun søyle).

Likevel betalar hytteeigarar ulike gebyr frå kommune til kommune. Årsaka til dette er at kommunane legg på SIM sine prisar, for å dekkja sine egne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (blå søyle).


Slik skal det sjå ut

Slik som på biletet vil SIM at det skal sjå ut rundt hyttekonteinarane. Boset skal inni konteinaren, ikkje på utsida. Dermed held ein området reint og ryddig, og det vert triveleg for nestemann å bruka konteinaren. For ikkje å snakke om trivselen til den som er nabo til konteinaren.

Er konteinaren full, eller boset flyt på utsida, ber me deg melda frå til SIM på tlf. 53 45 78 50. Det same gjeld dersom du ser at uvedkomande nyttar konteinaren. Det er kun dei som betalar gebyr for fritidsbustad som har lov til å bruka hyttekonteinarane.

■ Kommunal eigenkostnad ■ Gebyr til SIM

Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2007 (i kr, inkl. mva):



Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga.

Gebyret skal dekkja

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas og hermetikkboksar
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering)
- Avgifter til staten
- Administrasjon og informasjon





- Alt avfall som kan gjenvinnast, vert brukt om att, forsikrar kundehandsamar Ove Tungesvik.

- Velkommen på miljøsentralen

- Velkommen som brukar av miljøsentralen, oppmodar Ove Tungesvik alle hyttebrukarar.

Tungesvik er kundehandsamar på miljøsentralen på Husnes i Kvinnherad, ein av seks gjenvinningsstasjonar som SIM eig. På alle våre miljøsentralar kan du levera avfall som du ikkje får plass til i hyttekonteinaren, eller som du ikkje har lov til å kasta der.

- Kan hyttebrukarane kjenna seg trygge på avfallet dei sorterer ut verkeleg vert gjenvunne?

- Ja. Alt som kan gjenvinnast vert brukt om att; anten som råstoff for nye produkt eller som energi, forsikrar Tungesvik.

Stadig fleire vel å kvitta seg med avfall på denne måten. Frå 2005 til 2006 auka bruken av miljøsentralane med 5 %.

Miljøstyresmaktene arbeider for å få ned mengda av farleg avfall som kjem ut i naturen, til skade for

menneske, dyr og miljø. SIM har også dette som mål og ber hyttefolk hjelpa til.

- Kast ikkje målingrestar, beis, rein-gjeringsmiddel og anna farleg avfall i naturen eller i hyttekonteinaren, men lever det til oss. Då kan du kjenna deg trygg på at avfallet vert teke hand om på forsvarleg og miljøvenleg vis, forsikrar Tungesvik.

Dette gjeld også elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall). Diverre er det framleis slik at to av tre mobiltelefonar, elektriske leiker, klokker, radioar, barbermaskinar og andre småapparat hamnar i restavfallet, trass i at dei inneheld farlege stoff som kvikksølv, kadmium og brom.

Døme på farleg avfall

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindaug (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrøyr, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesko

Slik sorterer du

På SIM sine miljøsentralar kan du levera sortert avfall slik:

- Hageavfall
- Plast
- Papp og papir
- Trevirke
- Metall
- EE-avfall, kuldemøblar
- Farleg avfall
- Trykkimpregnert materiale
- PCB-haldige vindaug
- Glas og hermetikkboksar
- Dekk
- Restavfall

Leveringsprisar som i fjor

Prisane for levering av avfall på miljøsentralane er dei same som i 2006. Framleis kostar det 100 kroner for å levera mengder opptil 1,5 kubikk (om lag det du får oppi fem bossekker). For mengder mellom 1,5 og 3 kubikk er prisen 200 kroner. For mengder over 3 kubikk skal det betalast kilopris (etter vekt). **Og hugs:** Det er ikkje alt avfallet du treng å betala for ved levering. Hageavfall, farleg avfall, EE-avfall, glas, papp og papir er døme på fraksjonar som er gratis å levera på miljøsentralen, men som du betalar for gjennom renovasjonsgebyret.

Ryddeaksjonar våren 2007

Hushaldnings- og hyttekondar som bur på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral, vert også i år inviterte til ryddedugnad. SIM stiller mannskap og utstyr, og det er gratis å levera avfall. Ryddeaksjonane finn stad til følgjande tider:

Fjelberg/Borgundøy:

Fredag 13. april kl. 10.00-14.30.

Halsnøy:

Laurdag 14. april kl. 09.30-13.00.

Varaldsøy:

Laurdag 5. mai 10.00-13.00.

Huglo:

Laurdag 28. april kl. 09.30-12.00.

Espevær:

Laurdag 5. mai kl. 11.00-14.00.

Hundvåko/Stora Kalsøy:

Fredag 4. mai kl. 12.30-19.00.

Møkster, Litla Kalsøy og Lunnøy:

Fredag 4. mai kl. 14.00-17.00.

Fastbuande i dei aktuelle områda får nærare informasjon tilsendt i Posten.

Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Viktig om hytterrenovasjonen

Driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM svarar på fire spørsmål om hytterrenovasjonen.



- Kva er det som avgjer plasseringa av hyttekonteinarane?

- Me støttar oss på tilbakemeldingar frå hyttebrukarane. Vårt inntrykk er at dei fleste synest ordninga er grei dersom det står ein

konteinar langs vegen frå hytteområdet eller til butikk.

- Har hytterrenovasjonen rett pris?

- SIM arbeider for å ha best mogeleg renovasjonsordning til rettast mogeleg pris. Hytterrenovasjon er ei utfordring, all den tid bruken av hyttekonteinarane varierer mykje gjennom året. Me kunne ha plassert ut fleire konteinarar, men også desse måtte

i så fall tømmast heile året og dermed hadde hytterrenovasjonen blitt dyrare. I staden har me valt å ha litt færre konteinarar og heller ta toppane ved å tømme dobbelt så ofte i sommarhalvåret som elles.

- Kvifor har konteinarane så små innkastluker?

- Det er fordi dei ikkje skal bli misbrukte av folk som vil kvitta seg med grovavfall. Hadde me hatt "opne" konteinarar, ville dei ha vortne fulle kjapt og det hadde ikkje blitt plass til hyttebrukarane sitt avfall.

- Finst det alternativ til standard hytterrenovasjon?

- Ja, dei som ynsker det kan få ein «hyttedunk» med grønt lok hos oss. Denne må i så fall plasserast ut dei vekene det er tømning av restavfall frå hushalda.

Hyttedunk i lag med restavfallet

Har du hyttedunk med grønt lok må du setja den fram på hentestaden der fastbuande set sine avfallsdunkar, og same veka som det er tømning av restavfall. Kva for veke dette er, går fram av SIM sin tømmekalender for 2007. Den kan du få tilsendt ved å kontakta SIM. Du kan også lasta ned tømmekalenderen frå vår nettstad; www.sim.as

Prøv vår kompostjord

SIM har til sals framifrå kompostjord og plenblanding. Du får kjøpt det populære produktet på alle våre miljøsentralar. Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar, og kr 300 per tonn for større mengder. Kompostjorda bør ligga og ettermogna ei tid før bruk. Plenblandinga, derimot, kan brukast med ein gong. Frøa kan såast direkte i blandinga, som er halvt om halvt med sand og kompostjord.



Opningstider miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.
Annankvar laurdag (oddetalsveker) f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdaalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker) f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 08.00–18.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.
Påskeaftan stengt.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker) f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker) f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 09.00–14.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.
Pinseaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker) f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan stengt.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget, N-5419 Fitjar
telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er avfallsselskap for kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Slamtømming i Bømlo

I 2007 vert det slamtømming for hytter/fritidsbustader i Bømlo kommune, venteleg i veke 18-40. Informasjon kjem i Posten.